



Florence blir sluppe inn på bingobrettet

I tillegg til dei tradisjonelle aktivitetane hesteskasting og jurklutkasting frista bondelaget med kuskitbingo under Aktivitetsdagen og det vart ein suksess.

144 felter kunne kjøpast, kvar for 100 kroner, og sjølv om det vart ståande att rundt 25 ruter vart det ein pen sum for damevennene.



Simmentalkviga Randi blir frista av Emil Faltinsen (7) frå Bergen

Bondelaget hadde ikkje med seg så mange dyr i dag.

Dei nøgde seg med ei kvige av simmentalrasen

og eit knippe på 10 høner av ymse raser, men han som presenterte hønene vekte ein viss oppsikt ettersom han er berre 7 år!

Andreklassingen Torbjørn Haugland slo klårt fast at dei 26 hønene heime på Haugland er hans. Flokken produserar rundt 20 egg om dagen og Torbjørn sel egga til naboar og slektningar og har dessutan med seg egg på skulen. Hanen i flokken er eit staseleg syn, men så er han også ein australian orp.

Unge Haugland opererte ikkje med nokon upris - han tok 25 kroner for 10 egg. Produksjonen vart dokumentert på staden - det første egget kom etter berre ein halvtimes utstilling!

- Eg trur ideen kjem frå Etnemarknaden, sa bondelagsleiar Olav Hjetland Bringedal før NRF-kua Florence 600 på knapt 3 år og tilhøyrande Lars Haugland vart sluppe inn på bingobrettet med 144 felter. Ho hadde tjuvstarta to gonger og skulle sjølv sagt vore diska, men det gjeld andre reglar for kyr enn for folk. Difor måtte folk og gamblarar smørja seg med tålmod, for Florence gjorde ikkje det ho var der for før heile Aktivitetsdagen var avslutta. Det var rundt halvannen time etterat ho slapp inn. Gassgrillen verd 3000 kroner vart vunne av Nikolai Borgen Hermansen

- Vi vil gjerne hjelpa arrangøren Damevennene samstundes som vi slår eit slag for norsk matproduksjon, sa bondelagsbasen. I tråd med dette hadde laget også teke på seg ansvaret for barnetogkøyninga dette året.

Samla sett viste bondelaget med sine 60 medlemmar påny seg frå ei positiv og kreativ side i lokalsamfunnet Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[torbjørn Haugland med hønene sine](#)